

Tid for dei minste


Svar på undersøkinga, tips, idear og vegen vidare

Undersøking ut til lokallaga i november 2023

- Kva fann de ut etter møte med AT, kartleggingar ut?
- Kva fekk de ut av møtet med barnehagemynde?
- Kva vart resultatet av møte med barnehageeigar?
- Sende de noko til nyvalde/attvalde politikarar. Korleis gjekk det?
- Korleis ligg de ann med det politiske arbeidet? Tips og idear
- Andre tips og vegen vidare

2. Har de hatt møte med arbeidsplasslitsvalde eller på anna måte kartlagt bemanningssituasjonen i bhg?

[Flere detaljer](#)



Kva fann de ut etter møte med AT/kartleggingar

- «Spes. ped og tilrettelegging går ut i noko grad grunna sjukefråværet det er stor slitasje i personalgruppa det er vanskeleg å få tak i vikarar ein er redusert bemanning store deler av dagen mange har utfordringar med å gjennomføra den planleggingstida dei har krav på."
- "Vi fann ut at alle barnehagane slit meir eller mindre med bemanning gjennom fleire år. Vi har fått avdekka at sentrumsbarnehagen har måtte oppfordre foreldre å hente borna tidleg og 1 avdeling har vore stengd 1 heile dag siste året."
- Vi har hatt auka grunnbemanning og 50% stilling som kjøkkenassistent. Desse måtte dessverre gå inn i ordinær drift grunna mangel på personale. Difor er me på norm. "
- Vi har no 4 på dispensasjon(4 av 6 bhgar). Det er lenge sidan eg har sett så høge tal. Grunnen er at vi har stort trøkk på spesial pedagogisk hjelp, og at pedagogaer som har dette må erstattast.

Frå undersøkinga i Øygarden

Den synar blant anna at det er i beste fall berre nokre timar kvar dag at alle tilsette er til stades i barnehagen si opningstid.

71% svarar at dei har minimumsnorm berre 2-3 timar kvar dag.

- Heile 75% svarar at dei ikkje opplev at bemanninga er god nok til å driva eit pedagogisk tilbod.
- 98% svarar at det i løpet av det siste året har bemanningssituasjonen vore så låg at det har vore utrygt og/eller uforsvarleg for barna å vera der.
- 94% seier dei mistar plantid. «SFS2201, pkt 3.2; Minst 4 timer i gjennomsnitt pr. uke av den ordinære arbeidstiden skal anvendes til planlegging, for- og etterarbeid for pedagogiske ledere/barnehagelærere», og berre 10% seier dei får denne tida att. Fleire av kommunens barnehagar har difor ikkje moglegheit driva ei tilfredsstillande pedagogisk verksemd, slik barnehagelova Kap VI §26 seier at den skal.

Det er i Øygarden, som i resten av landet eit problem at barnehagelærarar søker seg til andre jobbar grunna høg arbeidsbelastning. Resultata i undersøkinga synar er ein stor del av orsaka til dette. "

38 svar sendt inn

Har de hatt møte med barnehagemyndede?

55%

JA

21%

NEI

13%

Nei, men vi har avtalt
møte

10%

Nei, vi har ikkje
kontakta..

Kva fekk de ut av møtet?

- "Fekk ein diskusjon på korleis barnehagemyndene er organisert i kommunen vår og at organiseringa ikkje er god.«
- "Vi hadde gode samtalar om både privat og kommunale barnehagar. Vi har satt opp ei fast møterekke for våren.«
- "Fekk ikkje så mykje ut av det, men fekk oppklart at oppvekstsjef er mynde for barnehage og fører tilsyn med barnehagane. Opplever litt "bukken på havresekken". Har ein del merkelege utspel når det gjeld organisering og tilsetting i barnehagane. «
- "Lokallagsleiar lærte mykje om korleis barnehagemyndene jobba. Eg fekk tilsendt mange dokument; alt frå tilstandsrapport til møteplan. "

Frå møte med barnehagemynde i Bjørnafjorden

"Vi brukte møtet til å skape en **god relasjon** til barnehagemynde. Vi fikk informasjon om hvordan barnehagemynde arbeider med tilsyn i vår kommune. Vi snakket om barnehagemynde og vår forståelse av bemanningsnormen.

Vi snakket om hvordan vi skal gå frem for å melde bekymring for en situasjon i en barnehage til barnehagemynde. Hos oss ønsker barnehagemynde at bekymringen først blir rettet til daglig leder/styret i barnehagen, og om ikke bekymringen blir tatt på alvor og møtt skal det meldes videre til barnehagemynde (dette ønsker hun for å kunne løse opp i utfordringer på lavest mulig nivå).

Vi diskuterte og om barnehagemynde og dennes rolle var godt kjent hos ansatte og foreldre ute i kommunen. Det var et positivt og godt møte."

Har hovudtillitsvald hatt drøftingsmøte i haust med barnehageeigar der tema var bemanningssituasjonen i barnehagane?

55%
JA

44%
NEI

Kva vart resultatet av møtet?

- Dei har arbeidd med utarbeiding av risikoanalyse av uforsvarleg bemanning. Det vert arbeidd med ressursar til bemanning på topp i dei kommunale bhg inn i budsjett. Dette arbeidet har vore langsiktig og har vore fokus i fleire år
- Har løpande kontakt, men så lenge ein på papiret har nok bemanning, så får ein lite gøhør for utfordringar ein har; sjukefråvær, vikarmangel...
- Bemanning i barnehagane er eit tema som har vore gjenteke mange gongar, på fleire måtar og frontar. I år er kommuneøkonomien svært alvorleg, og nye grep som kostar pengar er vanskelege
- Vi kom ikkje vidare i det møtet anna enn ei felles forståing for at situasjonen er krevjande og at noko må gjerast. Ble avtalt at dette skal det jobbast vidare med. Blir tatt opp på neste drøftingsmøte.

Kommentar etter drøftingsmøte

Bemanning er noko eg tar opp heile tida. Vi har jobba godt saman og fått til noko, men eg tenker at vi ikkje er i mål. Leiar for bhg meiner noko anna...

Det vi har fått til er: -100% adm.tid til alle styrarane -Inndekking av plantid - Støtteressurs -Litt på åpningstid.

Mitt mål er jo auka grunnbemanning, altså 1 voksen til pr avd, men det er det ikkje gehør for (ennå), for no har vi så gode rammer... Fleire av bhg i kommunen kjenner ikkje på disse godene ennå fordi de har ikkje fått tak i folka.

Dei som kjenner på det seier det er heilt fantastisk!

Kommentar etter drøftingsmøte

Kommunalsjef er ikkje samd med Utdanningsforbundet om at bemanningssituasjonen i barnehagane er dårleg og seier Utdanningsforbundet brukar for sterke ord når me seier det er krise.

Vi synar til eit sjukefråvær på 15% og lite vikarar, kommunalsjef svarar med at på papiret er bemanningsnorma oppfylt.

Når Utdanningsforbundet etterspør rutine for forsvarleg bemanning og tiltak i høve uforsvarleg bemanning kjem vi ingen veg. Det er opp til einingsleiar å vurdere om det er forsvarleg drift er svaret vi får.

Har og bedt om ei "snarveg" i avvikssystemet for både bemanning og tap av plantid, dette får me ikkje gehør for

Sende de noko brev til nyvalde/attvalde politikarar? Eller på anna vis vore i kontakt med poltikarar i haust knytt til denne tematikken?

73%

JA

26%

NEI

Tips til arbeidet opp mot politiskarane

- Inviter dykk inn til partia sine gruppemøter
- Inviter gruppeleiarane eller heile utvalet på møte om tema
- Ikkje gje opp om dei ikkje svarar på brevet, finn nye innfallsvinklar
- Inviter til temakveld med kveldsmat og drøys, bygg relasjonar
- Skip til paneldebattar og/eller pedagogisk kafé
- Har de hatt spørjeundersøkingar/kartleggingar ut mot barnehagane så informer politiskarane om funna i desse. Bruk undersøkingane i lesarbrev e.a.
- Sjå på kva løysingar ein kan finne saman.
- Minna politiskarane på lovnadane dei har gitt opp mot valet
- HUGS! Politiskarane vil det beste for sine innbyggjarar

Utdrag frå ein av kommentarane.

Kveldsmat i ein barnehage, der ein innleia med ein pp om barnehageyrket, stoltheit og rammevilkår.

To frå kvart av dei politiske partia, pluss styrarar og tillitsvalde. Her hadde ein fokus på å finne løysingane saman med politikarane.

«Det ble et godt og konstruktivt møte. Det kom forslag om bemanningspool, flere lærlinger, makstid på oppholdstid, åpningstid, tiltak for å redusere sykefravær, investere i arbeidsmiljø, politikere som hospiterer i bhg for å se hvordan dagene er. Vi snakket og om en økt andel barn som treng spesialpedagogisk hjelp, økt grad av utagering hos barn, foreldre som treng veiledning, og behovet for en god nok bemanning for å klare å ivareta oppgaven på en tilfredsstillende måte. I etterkant av møtet sendte vi ut et referat/oppsummering til politikerene som deltok, i dette besvarte vi og litt spørsmål de hadde på møtet som vi ikke hadde svaret på der og da. Politikerne ville gjerne komme på et slik arrangement igjen.»

Andre tips til arbeidet vidare med «Tid for dei minste»

- Me har utfordra tillitsvalde til å skriva ein resolusjon, til årsmøte, om bemanninga i barnehage, og sende den vidare til politikarar osv.
- Me har hatt Tid for dei minste oppe som sak på kvart styremøte i haust. Me hadde ei markering ved å hengje opp Tid for dei minste-plakatar der folk ferdast tidlegare i haust . Me har bestilt Tid for dei minste t-skjorter til alle barnehagelærarane og Ped.leiarane og håpar dei vil bruke dei titt og ofte.
- Vi har hatt annonsekampanje, lesarinnlegg i lokalavisa. Vi deltek på politiske møter og snakkar utdanningspolitikk i dei høve vi har og er aktive i sosiale media. Veggen vidare er under planlegging. Vi planlegg blant anna å få oppslag i lokalavisa om resultat av spørjeundersøkinga
- Jobbe med å forbetre avvikssystemet, vi må kunne melde avvik på bemanning.

Fleire tips

- HTV skal løfte bemanning/forsvarlighet i drøftingsmøte med arbeidsgiver. Vi skal ha denne satsingen som tema på ATB i slutten av november. Der skal tillitsvalgte få informasjon om arbeidet lokallaget har gjort siden sist møte (møte med barnehagemynd, møte med politikere, spørreundersøking). Vi skal og snakke om barnehagemynd og tilsyn (hvordan melde bekymring). Tillitsvalgte blir tatt med på råd om hvordan vi skal arbeide videre med satsingen. Vi skal ha et styremøte i begynnelsen av desember der vi skal drøfte hvordan vi skal arbeide videre med satsingen.
- Utarbeide risikoanalyse for uforsvarleg bemanning/Gå gjennom denne med AT
- Samle informasjon. Sjukefråværsstatistikk og om det blir sett inn vikar
- Etterspør rekrutteringstiltak i lønnspolitisk plan for oppvekst.
- Forvaltningsrevisjon av barnehagane for å sikra kvaliteten i barnehagane

Vegen vidare

- Holde trykket oppe, både i eigen organisasjon, politisk og administrativt. -Fortsette det gode arbeidet!.
- Utveksle tips og idear med andre lokallag. Del dei gode ideane! Ta kontakt med kvarandre.
- Lag lokale undersøkingar
- Vi må dykke djupare ned i barnehagemyndes rolle
- Involvere styrarane meir i dette arbeidet
- Følgje opp politiske budsjettvedtak/verbalforslag



post@utdanningsforbundet.no

24 14 20 00

www.utdanningsforbundet.no